

Referat møte i fokusgruppa - Politikarar

Møtedato: 18.06.2020	Møtetid: 10:30-12:30	Møtestad: Rådhuset
Møteleiar:	Referent: Verner Larsen	
Til stades: Knut Erik Engh, Benny Hansen, Magne Gurskevik, Hanne Notøy, Bernt Brandal (observatør Hareid kommune)	Fråverande: Håvard Ringstad	

Det er stor skilnad på materialet frå dei to gruppene, ei gruppe har idégrunnlag og spørsmål, den andre gruppa har ei konkret utforma skisse. Ut frå materialet var så ulikt vart det ein meir generell dikkusjon i gruppa. Denne er punkta opp under.

Til prosess:

- Der er mykje bra i materialet, men språket i presentasjonane hindrer ein del av formidlinga. Det er det skriftlege materialet i dette arbeidet som vil «leve lengst» og formidle ideer som er kome fram.
- Det var svÆrt lite i dette materialet som omhandlar Ulshaug området og problemstillingane knytt til helse og omsorg – jf. punkt 2.1 i oppgÅve programmet. Gruppa hadde forventningar om at desse punkta skulle kome fram på ein tydeleg måte.
- Mange av spørsmÅla / utfordningar som er i arbeidsgrunnlaget til midtvegs møte er dei same som vi møtte under oppstartsmøte.

Fysisk miljø:

- Det er positivt at spørsmÅlet om dokumentasjonssenter (bevaring av historie og maritim kultur / verftskultur kjem opp att. Det er viktig å halde historien levande og formidle denne.
- Nordic sitt forslag går langt inn på verftsområdet mot Kongsberg gruppen. Dette ligg utanfor planområdet.
- MÅ få ein kreativ prosess på Ulshaugområdet
- Korleis er Nordic sitt forslag samanfallande med ynsket om konsentrert utbygging? Vi oppfattar skissa som småhus utbygging i sentrum
- Bustader med store fellesrom / fellesrom i atrium. Lier Hageby konsentrert utbygging med hageflekk
- MÅ halde på opninga gjennom sentrum – eksempelvis aksene over kulturalmenningen.
- Området aust for Arena Ulstein til krysset i Vikemya (Vikgarden og området til og med lØa i krysset) – potensiale for utvikling, også skule området kan utviklast til aktivitet / rekreasjon.
- Utvikling av arealet langs elva opp Hølsekerdalen
- Overbygde møteplasser ute – Sjå eksempelvis når kafeer var stengt. Overbygde uteplasser er og etterlyst av ungdom.

Samfunn:

- Vi er eit fleirkulturelt samfunn – men mange av dei som kjem er på leiting etter noko som dei ikkje så lett finn i vårt lokalsamfunn. Ligg der feire utføringar i helse og omsorg når vi tek inn det fleirkulturelle aspektet?
- Der er referansar til Aberdeen, og kontakt vestover har lange tradisjonar hos oss, men mange av dei som kjem har røter i aust Europa.

Sentrumsutvikling / samfunnsutvikling:

- Er der mater å organisere utbygging på slik at dei som i dag vil få tilbod om leigd bustad (eks unge i omsorgsbustad, eller eldre med lang bu tid i omsorgsbustader) kan få eit anna tilbod, slik at dei og kan ta ut Økonomisk vinst frå prisstigning på bustad ?
- Kan vi legge til rette for at fleire generasjonar kan hjelpe kvarandre? Kan noko av den positive vinsten ved generasjonsbustader flyttast inn i sentrumsutvikling?
- Kva med dei som flytter i leilegheit men har behov for Å stelle hage, - kan vi ha byhage eller grønsakhage? Kan vi ha tilgang til verkstad – snikkarverkstad for dei som er praktisk anlagt men har liten plass? Makerspace for seniorar?
- Kan tilbod på skaparhuset utviklast med seniorar som mentorar?
- Korleis dra aktivitet i sentrum opp mot Ulshaugområdet? Lørdagskonserter?
- Kan vi utvikle den muligheta som har dukka opp i Coronatida med scene (no har det vore som driv in) ved hotellet.

Symbolverdi:

- Vil variere med kva generasjon du stiller spørsmålet til, men kyrka vert trekt fram, Fredheim og Bjørndals minne – den siste ut frå kor viktig den har vært for utviklinga i Ulsteinvik.

.....

Frå oppgåve programmet

2.1. Målsetting for Ulsteinvik Parallelloppdrag for Ulsteinvik sentrum – Ulshaugen – Halsekerdalen har følgjande mål:

- Konkrete innspel skal kunne innarbeidast i områdeplan for sentrum og detaljregulering for Ulshaugen og Halsekerdalen
- Det må visast idear for utvikling av infrastrukturen for omsorg, og samlokalisering av tenestetilbodet/butilbodet i sentrum, jf. prosjekt initiert av Husbanken om å utvikle framtidens buform for eldre.
- Få fram konkrete forslag om sambruk av areal regulert til offentlege formål mellom kommunen og andre brukarar.
- Styrke utviklingskrafta for næringslivet i sentrum. Leggje til rette for utvida samarbeid mellom næringslivet, innbyggjarane og kommunen.
- Få fram nyskapande, gode, realistiske og visuelle idear og løysingar for eit attraktivt, levande og berekraftig Ulsteinvik sentrum.
- Legge til rette for folkevekst i alle aldersgrupper.

Referat møte i fokusgruppa - Helse og omsorg

Møtedato: 18.06.2020	Møtetid: 09:30-12:00	Møtestad: Alvehaugen
Møteleiar: Tomas B. Myklebust	Referent: Heidi Strand	
Til stades: Gunn Sætre, Marit Botnen, Aage Christensen, Norunn K Elde, Tomas Myklebust, Heidi Strand	Fråverande: Gunn Hofset, Gunn Helen Muren	

Vi ynskjer å ha fokus på våre kjerneoppgåver – har fått lite plass i startdokumentet. Mykje fokus på sjøsida. Mykje satsing på ressursane i kommunen, havbasert verdiskaping. Innovasjon og utvikling, bu ved vatnet, innovasjonsdistrikt, grøn omstilling.

Vi vil ha fokus på våre områder

Innleiing v/ Marit: Det vi har tenkt er to omsorgssenter og «trehundremetersbyen» tilgang på alt i sentrum for alle. Det er vårt hovudmål – gåavstand med rullator, rullestol og gange.

Ingen eldregetto, men miks av alle generasjonar.

Fokus på trivsel og psykisk helse, gode fagmiljø og aktivitet i sentrum.

Samarbeid med næringslivet når det gjeld utbygging av bustader m.m.

Tettstadutvikling starta på 70-talet og har blitt bygt opp gjennom alle desse åra. Dei eldre har allereie flytta til sentrum.

Tomas: Det er gunstig å blande generasjonar. Vi bør også tenkje andre grupper, t.d. yngre funksjonshemma.

Idemyldring og drøfting i gruppa:

Fellesareala og leilegheiter er avgjerande for å kunne bu slik mange ynskjer, treng også personalbasar. Vi vil unngå at folk etablerer seg i utkantar av kommunen – dette vil gjere tenester mykje dyrare.

Planlegge bueiningar med personaleiningar vert viktig – skape attraktive arbeidsplassar for dei vi ynskjer skal jobbe der.

Aktivitetsrom, tilgang for fleire.

Sentrumsbarnehage er viktig.

Skjerma eining for demente.

Demografisk utvikling – stor auke i tal på eldre i dei næraste åra. Vi treng areal til å bygge ut i sentrum, sjukeheimen med 42 plassar bør flytte nærare sentrum, samt at vi må bygge ut fleire omsorgsbustader. Tomt til sjukeheimen vert viktig. Vi satsar på ei nattevaktsbase framover. Heimetenesta må også ha nye lokalitetar då det framleis skal vere ei satsing på heimebasert omsorg.

Dei eldre skal i stor grad finansiere sine egne bustader. Dette gjeld også dei yngre funksjonshemma, sjølv om det kan bli dyrt for mange å kjøpe si eiga leilegheit. Alternative finansieringsordningar bør vurderast.

Samarbeid med næringslivet, sjå til større bykommunar om korleis dette kan gjerast mht prosjekt som er aktuelle.

Teknologiskule som t.d. Ulstein verft har hatt. Samarbeid med skulane.

Attraktivitet for småbarnsfamiliar– legge til rette for ei endring. Sykkelstiar, uteareal, grøntområder, leikeplassar som er opne for barna om ettermiddagen. Det bør vere mogleg for dei unge med barn å bu i sentrum. Tenkje utforming av bumiljø slik at dette er mogleg. Bumiljø må tilretteleggast slik at dei er trygge – ikkje slik det er ei dag der ein går rett ut i vegen eller ut på ei kai.

Utfordre folk på vanar – for mykje biltrafikk i sentrum. Mykje synleg parkeringsareal, folk køyrer mellom parkeringsareala i sentrum – dette er vanar ein bør prøve å endre i framtida.

Dei unge er godt nøgde med sentrum, men ynskjer nye aktivitetar og tilbod. Dei ynskjer ein stad å vere, gjerne med takoverbygg slik at opphald i sentrum ikkje er avhengig av veret.

Felles møteplassar for fleire generasjonar – kafear og uteplassar. Her må næringslivet framleis ha ei viktig rolle – kommunen skal ikkje vere konkurrent med næringslivet.

Frivilligsentral – tilgjengelegheit er viktig, tilrettelagt mobilitet. Må ha base til utstyr, møteplass.

Konsertarena- utescene i sentrum for konsertar og arrangement. Kulturallmenningen vi har i dag vert lite brukt pga sambruk/ parkeringsplassar.

Universell utforming må bli betre – her har vi mykje igjen i Ulstein. Gangvegar og fortau må bli betre tilrettelagt. **All tilgjengeleg aktivitet for alle!**

Andedam–har i dag blitt ein strid i samfunnet pga rotteplager – kan slike samlingspunkt bli betre tilrettelagt? Folk vil sjå på folk og dyr.

Korleis kan ferdsel til sentrum leggast betre til rette? Vi har mange bakkar i Ulstein – sykkelparkering i sentrum, utleige av sykklar, førarlaus buss som går i ring?

Universell utforming og tilrettelegging for funksjonshemma - dårleg tilrettelagt for tilkomst mot havet, fiskeplass i sentrum for funksjonshemma – dette gjeld også i kommunen elles.

Velferdsteknologi: Det må leggast til rette for dette i alle bygg og anlegg – dette er ein viktig del av framtidens omsorgsteneste. Smartheimar, institusjonsteknologi – bruke teknologi i samband med meistringsaspektet – klare seg mest mogleg sjølv, bu lengst mogleg i eigen heim.

Idrett og aktivitet – vi har gode fasilitetar på dette i dag – dette må kunne nyttast betre – utnytting av det vi har på andre måtar. Dette gjeld for alle generasjonar og brukargrupper.

Integrere kulturelle aktivitetar i kvarandre, utnytte kapasitet på fleire måtar.

Heidi Strand

Ref.

Parallelloppdrag - referat frå møte i fokusgruppa for næringsliv og grunneigarar

Møtedato: 19.06.2020	Møtetid: 09:00-10:30	Møtestad: Rådhuset
Møteleiar:	Referent: Arne Runar Vik	
Til stades: Ingerid Ulstein, Henning Ulstein, Line Urke	Fråverande: Steinar Kulen, Jogeir Romestrand	

Sakliste:

1. Kort orientering om bakgrunn for parallelloppdraget v/ARV
2. Organisering av arbeidet v/ARV
3. Rolla til fokusgruppene v/ARV
4. Arbeid i gruppa:
 - a. Gruppearbeid 1 Team Kaleidoskope/Cowi, sjå spesielt side 10-11, 14-15, 18-19 og 22-23 i presentasjonen
 - b. Gruppearbeid 2 Nordic, refleksjon og vurdering av tema i presentasjon.
5. Oppsummering og vegen vidare
6. Eventuelt

Referat:

1. Kort orientering om bakgrunn for parallelloppdraget v/ARV

ARV orienterte kort om kva eit parallelloppdrag er, bakgrunnen for prosjektet, prosess og kva det skal munne ut i.

2. Organisering av arbeidet v/ARV

ARV orienterte kort om korleis prosjektet er organisert med tanke på utlysing, utvelging av arkitektteam osv.

3. Rolla til fokusgruppene v/ARV

ARV viste kort til instruksen for fokusgruppene, og kva som er forventa av denne gruppa.

Det vart ikkje gjort val av leiar for denne fokusgruppa på dette møtet pga. fleire forfall.

4. Arbeid i gruppa:

- a. **Gruppearbeid 1 Team Kaleidoskope/Cowi, sjå spesielt side 10-11, 14-15, 18-19 og 22-23 i presentasjonen**

Spørsmåla i utlevert materiell vart gjennomgått.

Moment notert frå ordskiftet:

Ytre molo som skjerm mot indre hamn, medverkar til at småbåtar kan vere i noverande småbåthamn, og større båtar i ytre. Lita bru frå Vikholmen til Geileneset må kome på plass. Båtturisme – kombinere det blå og det grønne – satsing på havrommet

Gjere sentrum meir tilgjengeleg, urban tur

Viktig med fleire bustader i sentrum og konsentrere aktiviteten i sentrum – ikkje spreie den.

Støtte til 300 m byen

Opprydding på Saunessida av sentrum

Ta vare på det gamle Ulsteinvik i Kyrkjegata-Vikemyra, fjerne Pilskoghuset for å framheve Vik-tunet (bygdetun)

Næringslivet er nede for teljing:

Korleis overleve, kome vidare? Realistiske planar, målbare resultat

Småjobbsentral

Satse vidare på Bakkebyruta – gjerne subsidierte billetter

Satse på vedlikehald slik at sentrum ser presentabelt ut, t.d. Saunesparken

Paviljong til fleirbruk, skate, skøyte, opphald for ungdommen.

Treningsapparat langs sjøkanten

Foreiningsbuda – få inn aktivitet der for å ta vare på buda

Medverke til statlege arbeidsplassar og andre kontorarbeidsplassar i Ulsteinvik sentrum

Huseigarar burde kunne subsidiere husleige til nyetablerarar i ein oppstartsfase.

Turisme:

Urban overnatting, Airbnb, turar i distriktet,

Baccalaobibliotek

Båtutleige, bading(Ulstein Arena), overnatting som ein gunstig «pakke» for turistar

b. Gruppearbeid 2 Nordic, refleksjon og vurdering av tema i presentasjon.

Vart sett på samla – ikkje notert egne moment knytt til denne presentasjonen i møtet.

5. Oppsummering og vegen vidare

Line og ev. Ingrid (usikker til folkemøtet måndag) presenterer gruppearbeidet for denne fokusgruppa på folkemøtet.

6. Eventuelt

Ingen saker.

Referent:

ARV

Line Urke sine notatar

- Status Gullblokka? YTRE MOLO (Ytre hamn), –Attraktivt område – større båtar må kunne legge til på utsida, inkludere turisme
- Bru over til Geileneset frå Vikholmen. Fin rundtur – for alle aldra. Det er eit lett tilgjengeleg parkområde. Småbåtane kan ligge inne i småbåthavna - dei større på Ytre hamn.
- Forène det blå og det grønne. Gjere det endå lettare tilgjengelig. Også sørsida av hotellet. Boliger i sentrum – det syns vi er fint. Småbåthamna på Saunes må gjerast noke med og knytast meir i hop med fiskerihamna.
- Vi har mykje å tilby – og må passe oss for at vi ikkje tillater kva som helst å etablere seg i Saunesmarka. Vi har meir enn nok plass å ta av og som kan byggast ut – i kjerneområdet mellom Blåhuset og Amfi. Her må vi vere våkne!
- Bjørndalsvegen er trist – her er eit par hus som skjemmer veldig – og dei ligg i umiddelbar nærheit til det fine området rundt Vikelva og den fine, gamle gata som ligg på øversida av Bjørndals Minne.
- Billig eller gratis buss – Bakkebyruta – fleire slike ting kan gjere sentrum meir attraktiv. Gjerne utvida buss til Høddvoll (samarbeid) på vinterstid, slik at aktive born kan ta buss i staden for å bli køyrd.
- Moderne paviljong i sentrum til bruk sommar og vinter. Is på om vinteren/skøytebane.
- Treningsapparat / stasjonar langs sjøen.
- Huske vedlikehold. Minigolfbana støver igjen.
- Signalbygg:
- Gulebuda/gamle foreiningsbuda. Den må vi få inn i eit prosjekt – kulturavdelinga i fylket/prosjekt her i bygda – for å få den opp og fram. Reiselivsprodukt – Miljøtiltak. Det finns midlar å søke på – for å ta den i vare og vidareutvikle. Knyte i hop land og sjø. Kombinere forskjellig bruk.
- Småjobb-sentral. Liten kostnad. Kombinasjonsbruk, småjobbar, sosialt for fleire
- Bjørndals Minne– må få en plan. Vikemyra bak = gamle Ulsteinvik.
- Viktunet må løftast fram – nærleiken til Ulstein Arena – få ein fin park her med bærtre o.a.
- Frå Amfi og oppover går eit fortau. Der fortauet sluttar må vi få fotgjengarfelt over på andre sida. – og så er et stopp. Der må fotgjengarfelt over til fortau på andre sida.
- Leiligheter AirB&B i Bjørndalsveien. Fint å få meir folk i sentrum. La dei overnatte i sentrum – bruke området elles – tilbake til sentrum på kveld. Bruke butikk og service.*
- Statlige arbeidsplasser – heimekontor – kan vi spreie oss? Covid-19. Her er ei omstilling vi må vere våkne på. Tilby eit fellesskap for kontorarbeidsplassar. Skaparhuset på gang, det er bra.
- Nye butikkar – rimelig leige et par år/subsidiert leige - slik at dei blir her. Tiltrekke oss nokre som då kan bli varige? Eigarskapsmodellar - næringslivet har vore flinke å sponse. Vi må i større grad av felleløft – enn at den store skal ta regninga.
- Skape opplevingar i det urbane.
- Autonom buss. Hadde det gått buss, hadde vi nytta den. Bruker vi den vil den gå med god frekvens. Få den i gang!



Notat

Vår referanse
19/10243 20/9358

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Cecilie Roppen

Dato
18.06.2020

Referat møte i fokusgruppa - Fellesrådet 18.06.2020

Møtedato: 18.06.2020	Møtetid frå 10:00 til: 11:30	Stad: Rådhuset
Møteleiar: Ikkje valt gruppeleiar grunna stort forfall.	Referent: Cecilie Roppen	
Til stades: Gerd Bang Brevik, Anna Haddal	Fråverande: Asbjørn Selbervik, Anders Røyset, Susanne Sundgot	

Vurdering material parallelloppdrag

Må vere eit tilbod til minstepensjonistar. Pensjonistane kan ikkje finansiere utbygginga på Ulshaug.

Gågate – Bjørndalsvegen bør vere einvegskjørt eller gågate. Takoverbygd, glastak. Vil bli meir attraktivt for butikkar. Naturgate med meir grønt. Julegate med lys. Scene for korps og kor.

Strandpromenade heile vegen.

Fargebevisstheit i sentrum og inne i bygga. Ikkje berre kvite bygg. Skapar meir dynamikk.

Revmatikarlaget ønskjer ein plass for trening. Har brukt Holvekerdalen 20. Må rydde for kvar gong. Gruppetreningar for fleire grupper.

Bygg med større symbolverdi enn andre: Gamle Bjørndalsminne – historielaget kunne hatt utstilling av Ulsteinvik si utvikling for skuleundervisning. Med ein kafé og moglegheit for arrangement. Utviklinga av verfta. Dei har museum. Må vere tilgjengeleg for fleire. Aktivitetsdag for skuleelevar der dei ser korleis det var i gamle dagar, korleis ting vart gjort.

Utviklinga av sentrum må vere tilpassa brukarane. Universell utforming. Framkomelegheit for dei som er rørslehemma.

Algeoppdrett, vil det føre til avfall? Korleis vert det med bystrand tett opp til? Er der havstraumar? Upraktisk å ha algeoppdrett på eine sida av vågen og lagrings- og prosessanlegg på andre sida.

Med helsing

Cecilie Roppen
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Innspel frå folkemøte

Korleis skal vi få ned bilbruken i sentrum?

- Bil er nødvendig så spreitt som vi bur og med dårleg offentleg transport.
- Gratis utleige el-syklar.
- Gågate.
- Gode bussforbindelsar mot Dimna/Eiksund/Tjørnvåg.
- Behalde Sjøgata. Nytte Bjørndalsvegen til aktivitetar/overbygg.
- Turområde Sauneselva. Fleire overgangar/undergangar omsorgsbustadar slik ein får sambinding med Alvehaugen.
- P-hus 2-3 etasjar. Halde dei gratis. Fjerne p-plassar. Fleire HC-plassar.

Kvar skal vi parkere?

- Må parkere så nært butikk som mogleg (mykje dritver).
- Parkering i nye Bjørndalsvegen, Arena. Parkeringskjellar i utkanten av sentrum.
- Treng parkering for dei som kjem utan i frå til bygda.
- I utkanten på begge sider av sentrum. Dekke for vind/ver slik ein kan gå mellom p-plass og aktivitetar/butikkar.

Kva skal til for å du går/syklar meir til og frå/i sentrum?

- Tettare plassering og sykkelfelt.
- Betre vegar (2 stk.).
- El-syklar, buss, kollektivtrafikk, sykkelveg.
- Trygg parkering rundt sentrum (sykkelhus?)
- Komprimerte parkeringsareal.
- El-sparkesykkel-leige. Mindre bilar. Parkere sykkel under tak.

Kva funksjonar/næringar/kulturopplevingar saknar du i sentrum?

- Skatepark/utandørsaktivitetar/badeplass om sommaren.
- Betre bowlinghall.
- Sykkelleige. Kopling Amfi og nye Holsekervegen. Mogleg å sykle til Saunesmarka slik som til Hareid (nye gangvegen).
- Handel ytre (Rolls r.). Hav/sjø-møteplassar.
- Kafear, barar, museum m/aktivitetar og teknologi, hengeplass under tak, meir som Ulstein Arena, paviljong m/techmoglegheiter, uformelle møteplassar.

Kva funksjonar kan vere i same bygg?

- Barnehage, eldreheim og butikk.
- Bygg m/fellesareal.
- Næringsliv/kontor

Korleis skal vi bu i framtida? Fins det nye buformer vi bør satse på?

- Mindre, fleksibelt og tett (familiebustad: mor, far, barn og besteforeldre).
- Søke alternative finansieringsløyving, for eksempel Husbank. Må vere økonomisk intensiv på plass!
- Studentbustadar nærme vgs for elevar utanfor sentrum (andre kommunar).
- Meir kollektiv.

Kva tiltak bør i satse på for å bli meir klimavenlege?

- Meir sjølvforsynt mat, mindre kjøt og mindre ting/kle.
- Spare straum, gjenvinning.
- El-sparkesyklar.
- Tur-område

Kva treng vi for å få eit samfunn som er godt for alle aldrar?

- Telefonfri soner utan dekning/internett.
- Universell utforming, aktivitetar for alle aldrar.
- Betre gangfelt mellom aktivitetar i og utanfor sentrum.
- Kople Hødd-sentrum betre.

Kva sosiale møteplassar kan fungere for ulike aldersgrupper?

- Kafé (2 stk.) og sport.
- Amfi for kor, korps, teater.
- Gode sitteplassar langs sjøsida.
- Vikeelva, ute-terrassar.

Korleis kan vi engasjere fleire til å delta i frivillig arbeid?

- Gi dei fordelar for arbeidet i staden for ting/pengar.
- Gjere det ufarleg og «lite nok».

Kva skal dei grønne nærmiljøa innehalde?

- Aktivitetsanlegg (trening, bading, skating osv.)
- Møteplassar med benkar og bord og tak over hovudet. Plass til ei barnegruppe på ca. 20 stk. I ly for ver og vind. Tilgjengelege stikkontakter.
- Turmiljø i sentrum eller utanfor som koplast til dei nye turstiane mot Gamleeide.
- Vikeelva.
- Mulegheit for ulike aktivitetar, sittegrupper, gassgrillar

Kvar skal dei grønne nærmiljøa ligge?

- Eit stort samla grøntareal ala Central park i New York.
- Litt i le og ved sjøen.

Kva sakna du i presentasjonane som er lagt fram?

- Forståelsen for at skal det vere realistisk må der vere noko å vinne på det/tene på det.
- Gode parkeringsmoglegheiter sentrumsnært for dei som har behov for bil til sentrum.

Kva likte du godt i presentasjonane som er lagt fram?

- «Meir grøn mobilitet». Å utnytte «algar» i sjøen.
- Båtar/sjø i sentrum – dette er oss! Ytre molo: Hurtigruteanløp/djupvasskai.
- Ungdomsgruppa sin presentasjon med utvikling av Bjørndalsvegen og bak Ulstein Arena (2 stk.).
- Berekraftige løysingar. Dyrking i sentrum.

Andre tilbakemeldingar

- Husk! Ulsteinvik er eit regionalt senter også. Folk kjem frå småbygdene rundt for å handle/gå på kafé – og desse treng framleis p-plassar. Og slik vil det nok vere lenge. Bustadar i byen – reduserer behovet for bil. Behalde grønne lunger i sentrum (Bjørndals Minne). Sjøbad! (ala. Nordnes i Bergen). Gang/sykkelveg ut til Osnessanden. Behalde det «historiske» Ulsteinvik. God ide å knytte omkringliggende grøntdrag til sjøen!
- Bjørndals minne eit all-aktivitetshus i skuletida/ ekstra særklasserom. Kople sosialt, frivilligheit og fleire generasjonar/funksjonar
- Språk-kafé, open barnehage, babysong, strikkekafé.
- Bruke sosiale mediar til å kople folk og interesser.
- Kultur-lapskaus, meir fokus på å integrere folk frå andre stadar/land synleggjere ressursar som dei har.

Innspel frå Facebook

[Arne-Sten Christiansen](#)

- Her burde være en stevneplass ved sjø der båter kan være en del av dette. Kulturtorget er en parkeringsplass ellers er det stevneplass ved ungdomsskolen, men langt fra sjø.
- Fint å bryte barrierer mot sjøfronten. Må ta vare på noe av den historiske bebyggelsen.
- Parkeringsplasser for øvre boligområder og tilreisende behøver ikke ligge midt i sentrum
- Med transport må en tenke på at det er bratt opp til store deler av boligområdene.

[Arild O. Gautestad](#)

- Bevar Holmenområdet langs Sauneselva som grønt opplevelsesareal inkludert omkringliggende buffersone - ikke dytt ny bebyggelse så nær som i den siste planskissen!

[Anne Stine](#)

- Ønsker at det skal komme et sted som er helt stille å sitte og lese og studere på. 🙌

[Arnt Vidar Ulstein](#)

- Det kan også komme til å kome hurtigbåtkai (Ålesund-Måløy) slik eg forstår det på media

[Jorun Emilie Waage](#)

- Det trengs flere sitteplasser ute i sentrum med skikkelig ryggstøtte!! Har bodd her siden 1950.

[Hallbjørn Saunes](#)

- Kun Gang og sykkelvei i Bjørndalsvegen

[Judith E. Gautestad](#)

- Ta vare på Sauneselva, fjern forurensing for godt og ta vare på den stedege ørretstammen, og forby fiske av ørreten..

Innspel på e-post

1. **Sentrumsutvikling og grøn mobilitet** - *Bjørndalvegen* bør utviklast som ei miljøgate for gåande og syklende (eit eige sykkelfelt). - *Miljøgata* må vere lett framkomeleg for alle brukarar, også dei med nedsett funksjonsevne. - Miljøgata bør ha eit miljøvenleg alternativ som held gata fri for snø og is. - I miljøgata bør der vere område med ly for vér og vind, og rikeleg med sitjeplassar/benkar. - *Vatnet frå Vikeelva* bør utnyttast i miljøgata - sildrande vatn, dam, fontener osv. - Korleis få ned bilbruken i sentrum? Eg likte ideen med "*blå bane*" - kva med ein liten, miljøvenleg båt som kan frakte reisande/pendlarar frå utkantstroka (Dimna, Eiksund). Tenk om denne båten også arrangerte turar til f.eks. Borgarøya. Kafedrift på Borgarøya kan skape arbeidsplassar og trivsel for menneske i alle aldrar. - Eg likte ideen om *app-funksjon* der eg som privatperson kan selge parkeringsplass. - Kva funksjonar/næringar/kulturopplevingar saknar du i sentrum? Eg tenkjer at vi har eit einseitig og sårbart næringsliv, og kommunen må satse på å få *fleire offentlege arbeidsplassar!* Næringslivet må også tørre å tenke nytt slik at vi kan skape aktivitet og økonomi i sentrum. Kommunen og næringslivet må også satse på eit levedyktig *reiseliv* og posisjonere seg både lokalt, regionalt og globalt. - Eg likte også ideen om aktivitetsbasert sjøfront med havbasseng og badstue. Kan også tenke meg at sjøfronten gjennom sentrum vart opparbeida til turområde - at ein kan spasere og sykle langs bryggekanalen og/eller via turstiar frå Vikholmen til sentrum, inn i vika med hotellet, rundt Saunes til Borgstein og gjerne vidare inn til Hasund/Kleven.

2. **Sambruk og samlokalisering** - *Filadelfia Ulsteinvik* eig to hus/tomter i Bjørndalvegen og har planar om eit framtidig kyrkjebygg i indrefiletten av sentrum. Filadelfia er i stadig utvikling av tenesteytingar til publikum, og ser føre seg at dei vil tene positivt til byutviklinga med servicefunksjonar, tenesteyting, kafé/servering, handel og bustadar. Filadelfia sitt bygg vil ha behov for samanhengande lengde. Filadelfia er eit intergenerasjonelt fellesskap med barne- og ungdomsarbeid, integrering, trivselskafé, eldretreff osv. - Dagens krav til *parkering* er urimeleg ifht Filadelfia sin situasjon. Frivillige lag og organisasjonar bør behandlast individuelt med lavare krav, og eit sambruk på ulike tidspunkt i veka og i døgnet må bli aktuelt. - kva med eit nytt rådhus på Brandaltomta med kaféen i Filadelfia som kantine for tilsette og eit serveringstilbod til innbyggjarar og besøkande? - *Bjørndals Minne* ligg midt i indrefiletten i sentrum og her bør det skapast arbeidsplassar. Bygget er lett tilgjengeleg for alle som jobbar i sentrum, så kva med å ha ei felles kantine/kafe med rimeleg og sunn lunsj for ein 50-lapp? Raskt servert, og gjerne med uteservering på nedsida, mot miljøgata. - Ein treffplass for innbyggjarar, kollegaer, skuleelevar osv. Innsida kan gjerne dekorerast med historisk, gamle bilder frå Ulsteinvik, slik Fellesrådet nemnde i folkemøtet. Bilder gir rom for den gode samtalen over bordet.

3. **Klimavenleg og berekraftig fortetting** - Like ideen om veksthus og fortetting i Holsekerdalen og Ulshaug. Ein bør legge vekt på intergenerasjonelt fellesskap, opplegg for frivillighet, integrering og samla base med helsefagleg kompetanse. Området må legge vekt på grønne nærmiljø og fellesområde, og kollektivtransport.

4. Aldersvenleg **lokalsamfunn** - Ulstein kommune må vere ein spydspiss innan universell utforming og det er viktig at eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vert tekne med i prosessar. - Husleiga på kommunale bustadar må ikkje vere for høg. Eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har gjerne låge inntekter, og dette må ein ta med i berekninga når nye bustadar skal etablerast.

5. **Grøne nærmiljø** - *Bjørndalparken* bør opparbeidast som ein STILLE PARK der ein kan trekke seg tilbake for rekreasjon og avslapping. Igjen - utnytte Vikeelva til å skape oasar med sildrande vatn, fontener osv. Det er balsam for kropp og sjel! Kanskje plante frukt- og bærrer. - *Området bak BUA Ulstein og til høgre for Skollebakken/Frivilligsentralen* er heilt gjengrodd! Kva med å opparbeide ein liten park med dam og gapahuk? I gapahuken bør det vere straumuttak. Dammen kan bli skøytebane på vinteren. - *Skollebakken* bør opparbeidast som leike- og aktivitetspark. - *Vikemyra* er ei perle av gamle bustadar og husvære - ein del av Ulstein si historie. Området bør leggjast meir til rette for mjuke trafikantar med gang- og sykkelveg. Det bør stengast for gjennomgangstrafikk frå Gamlevegen og Holsekervegen. *Ulshaugområdet* husar eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, der er også rus-og psykiatribustadar. Ulshaug må koplast godt saman med Vikemyra, Bjørndalparken og miljøgata i Bjørndalvegen slik at unge og gamle kan ferdast trygt i sentrum.

Vinterstid er det med livet som innsats på glattisen, og menneske med rullestol og rullator kjem seg ikkje ut. Ein bør satse på eit miljøvenleg alternativ som kan smelte snø og is på gang- og sykkelvegane i heile området. Gode sitjeplassar langs med er viktig, og ly for vér og vind.